

ÅRSHJUL FYRESDAL BARNEHAGE 2023/2024

Månad	Aktivitet Årstema: <i>Torbjørn Egners verden</i>
August	<p>Planleggingsdagar: → Barnehagen er stengt. 16, 17 og 18. august Bli kjent med kvarandre og barnehagen inne og ute Oppstartsamtaler FORUT-prosjekt: «<i>Hampfhless og det varme hjertet</i>» Tema haust</p>
September	<p>Oppstartsamtaler Bli kjent med kvarandre og barnehagen inne og ute FORUT-prosjekt: «<i>Hampfhless og det varme hjertet</i>» Tema haust</p>
Oktober	<p>Fotografering Foreldremøte måndag 30.10.23 etter samarbeid med SU / Foreldremøte skulestarterane Haustferie i skulen veke 41 FN-dagen 24. oktober FORUT i samarbeid med SU Tema haust</p>
November	<p>Utviklingssamtaler 01.12.23 dato Jolegateopning Tema haust</p>
Desember	<p>Vi besøker kyrkja. Nissegraut Lucia-feiring Tema vinter</p>
Januar	<p>Planleggingsdag → Barnehagen er stengt. 2. januar Tema vinter</p>
Februar	<p>Samefolkets dag 6. februar Tema veke utkledning/karneval Vinterferie i skulen veke 8 Tema vinter</p>
Mars	<p>Ski og ake dag Påskelunsj Påske v.13 – bhg stengt 28.03-01.04.24 <i>NB! Barnehagen er open 27.03.24 frå 0700-1200</i> Tema vår</p>
April	<p>«Kroppen min eig eg» skulestarterane Tema vår</p>
Mai	<p>Gardsbesøk Foreldremøte skulestarterane – samarbeid med SFO og skule? Øving til 17. mai 17. mai → Barnehagen stengt Kristi himmelfartsdag → Barnehagen stengt 9. mai Planleggingsdag –Barnehagen stengt 10. mai 2.pinsedag → Barnehagen stengt 20. mai Tema vår</p>
Juni	<p>Avslutning skulestarterane Sumaravslutning heile barnehagen Tema sumar</p>

Oppstartsamtaler: Alle familiar skal ha/ får tilbud om Oppstartsamtaler saman med pedagogisk leiar på den nye avdelinga. Her snakkar vi om rutine til barnet, rutine til barnehagen og kva vi skal jobbe med framover.

Fotografering: Det kjem fotograf til barnehagen.

Foreldremøte: Felles foreldremøte med heile barnehagen og avdelingsvis.

FN- dagen: Vi jobbar med forut-prosjektet fram mot FN- dagen som blir markert i tida rundt 24. oktober. Vi markerer dagen med å invitere foreldre inn i barnehagen for å sjå kva vi har jobba med. FORUT Barneaksjonen dekkjer mange aktuelle lærings og haldningsmål. Det leggas vekt på å inkludere, solidaritet, toleranse, kulturforskjellar og fordeling av verdas ressursar. Vi ynskjer at barna skal få kjennskap til barn i andre land, ulike levekår og kulturar.

Jolegateåpning: Opning av jolegata i sentrum. Barna i barnehagen lagar peparkaker som vi sel denne ettermiddagen. 5 åringane kan vera med å selja viss dei vil.

Besøk i kyrkja: Vi besøker kyrkja, gje beskjed om ditt barn ikkje skal vere med. Barnet får då eit alternativt tilbud. Her syng vi jolesongar og snakkar om kvifor vi feiar jol.

Nissegraut: 4 og 5 åringane besøker nissen på garden Snarteland. Vi har med oss varm graut og saft til nissen. For dei minste i barnehagen kjem nissen å snokar i vindaugget medan vi et graut.

Lucia feiring: 5 åringane går Lucia tog i barnehagen, helsehuste og på POS.

Ski og akedag: Dei som vil kan ha med ski og akebrett, vi koser oss ute.

Samefolkets dag: Vi snakkar om samefolket på førehand, ser filmar, fargelegg og pyntar barnehagen med flagg til dagen.

Tema veke (utkleddning/karneval): Barnehagen vel eit tema vi skal ha denne veka. Vi lagar masker/kostyme, har samlingar om temaet og avsluttar med ein fest ☺

Påskelunsj: vi har felles påskelunsj ute – påskejasen brukar å ta seg ein tur

Foreldremøte 5 åringar: Foreldremøte om overgangen til skule.

Gardsbesøk: Vi besøker ein gard, ser på dyra.

Øving til 17 mai: Vi øver på songar, leikar, rop og går i tog.

Avslutning 5 åringane: Felles avslutning for 5 åringane.

Sumaravslutning: SU/ barnehagen arrangerer sumaravslutning i barnehagen for og med alle barn og foreldre